


SCENE2

Det Norske Teatret
Rosenkrantzgt. 11



SONG OM DØD OG LIV

Eit *Tor Jansson* - program

b13g 019133

SONG OM DØD OG LIV

Eit *Tor Jonsson* - program

I SISTE STIKK
II SONG OM DØD OG LIV
Lyrikk og prosa

Dei som er med:

ULRIKKE GREVE
BJØRN JENSEG
JOHAN KJELSBERG
ALF MALLAND
TONE RINGEN

Utval, tilrettelegging og regi:
Inspisient:
Sufflør:

INGEBJØRG SEM
INGAR NILSEN
MAGNHILD ANDERSEN


På omslaget Tor Jonssons sjølvportrett
Programredaksjon: Halldis Hoaas
Foto: Sturlason
Trykk: Norsk Pent L/L, Oslo



I Einaktaren «**Siste stikk**»
Med Johan Kjelsberg, Alf Malland,
Ulrikke Greve, Bjørn Jenseg

II «**Song om død og liv**»

- a) **Frå Drengestova** (prosa) Johan Kjelsberg
Ordet (prosa) Alf Malland
Kven kviskrar (dikt) Tone Ringen
Fjellbygdvåren (dikt) Johan Kjelsberg





Ungdomsvegen (dikt) Bjørn Jenseg
Barndomsheimen (dikt) Johan Kjelsberg

Til grågrenda (song)
— musikk av Tone Ringen
Tone Ringen



- b) **Du ber ein eld** (dikt) Ulrikke Greve
Ved døra til den vide verd (dikt) Bjørn Jenseg
No vil eg vera alle! (dikt) Johan Kjelsberg
Åndsproletaren (prosa) Bjørn Jenseg
Dyret (dikt) Ulrikke Greve
Klagar du — (dikt) Bjørn Jenseg
Til ein namnlaus (dikt) Alf Malland
Ei vårnattsvise (song)
— musikk av Tone Ringen
Tone Ringen
Ved Storhølen (prosa) Johan Kjelsberg
Folkevisen på kyrkjegarden (dikt) Ulrikke Greve
Vårbrev frå kyrkjegarden (prosa) Bjørn Jenseg
Gjenta (song — musikk av Sparre Olsen) Tone Ringen
Autoritetsguden (prosa) Alf Malland

- c) **Lengsla bygde katedralar** (song
— musikk av Tone Ringen)
Tone Ringen
- Vonde tider, angesttider** (dikt)
Ulrikke Greve
- To kvinner** (dikt) Tone Ringen
- Kjærleikssong** (dikt)
Ulrikke Greve
- Andakt i einsemda** (dikt)
Johan Kjelsberg
- Riddarspranget** (dikt) Alf Malland
- Song om død og liv** (dikt)
Ulrikke Greve
- Fossen** (dikt) Bjørn Jenseg
- Ved grensa** (dikt)
Johan Kjelsberg
- Fattig ynskje** (song — musikk
av Tone Ringen) Tone Ringen
- Så stig da i meg, einsemd** (dikt)
Johan Kjelsberg



Det er eit program om dikteren Tor Jonsson vi skal presentere på SCENE 2 denne gongen — eit program som særleg tek sikte på vener av god lyrikk og elevlar i den høgre skolen.

At Tor Jonsson er ein av dei fremste diktarane våre, kan det vel ikkje vera tvil om; han døde berre så altfor ung i 1951, 35 år gammal. Det seier seg sjølv at det ikkje var så mange bøkene han rakk skrive den tida han levde. Men her er det snautt kvantiteten det gjeld. Berre fire diktsamlingar og ei prosasamling, «Nesler I», fekk han gitt ut medan han levde. «Nesler II» kom ut etter at han var død og vart redigert av forlaget.

Tor Jonsson har vorte lesen av fleire og fleire etter at han døydde, og etter at ein del av dikta hans har vorte til viser, har faktisk Tor Jonsson fått ein renesanse hos ungdommen i dag.

Tor Jonsson var ikkje lett å bli kjend med, seiast det. Han var sky og tilbakehalden og ville ikkje ha folk for tett innpå seg, før han visste kva dei stod for.

«Han sat ofte og lytta til røysta til folk,» fortel Torgeir Lid, ein ven av han, «for å finne ut om det var varme eller kalde tonefall i den, eller om dei snakka stygt om andre. Men fekk han interesse for eit menneske, vart han ein ven for livet.»

Han var alltid full av tull og morosame historier, seier Halldis Moren Vesaas. Nei, Tor Jonsson var ikkje lett å setja i bås, korkje som menneske eller som diktar. Han hata store ord og frasar, han var mange i ein.

Ein må gå gjennom diktinga hans for å finne kven han i røynda var, kjenne nervestraumane som dirrar gjennom den.

Ein mann med ei slik åndeleg spennvidde måtte kjenne seg einsam jamvel blant venner. Det går ei undergangstone som ein raud tråd gjennom dikta hans, tydelegare etter som åra går. Eit merkeleg tvisyn prega han.



Ingen kunne prise livet som han, og ingen kunne lengte slik etter døden. Han kan i eit dikt vera full av tru på at Gud er til, og i eit anna vera viss på at Gud ikkje finst. Omgrep som liv og død, lys og mørker, tru og tvil står sentralt i diktinga hans.

Det er ikkje berre litterære vurderingar som ligg til grunn for utvalet i dette programmet, men eg vonar at vi skal sjå noko av mennesket Tor Jonsson når vi møter han både som lyrikar, reformator og samfunnskritikar, med hans makabre sans for humor. Eg trur av og til han har hatt ein hów på det eine beinet når han skreiv sine skarpe «nesler».

Programmet startar med «Siste stikk», som fekk Kyrkje- og Undervisningsdepartementet sin pris for beste einaktar. Det er gått ein del år sidan da, og eg har omarbeidd stykket til ei meir moderne form.

I «Siste stikk» er det ikkje noka bestemt samfunnsgruppe Tor Jonsson er ute etter, men han syner fram oss



sjølve, der vi sit i vår gode velstand og ikkje tek vår del av ansvaret når krig og øydelegging trugar det levande livet. Ein mann møter dei destruktive kreftene ved eit spelbord i sitt eige sinn og vinn pengar og personleg siger. «Han gjer som han vil han eig pengane sjølv».

Men eit menneske eig ikkje pengar og velstand, dei er berre til låns som livet sjølv.

Spelet går føre seg på to plan, i hugen til mannen og i mennesket sitt tilhøve til verda utanfor. Representantar for maktblokkene kjem til oss som i eit lykkehjul på tivoli med lovnad om fred og betre vilkår. Og alltid kjem same konsekvente slutt, krigen rullar over oss alle, mennesket sit att og let det skje.

Alle politikarar er kompromitterte før dei kjem i den stilling at dei kan rette på tilhøva. Berre den som aldri har spela før, skal spela det siste spelet. Kven tar siste stikk, dei destruktive kreftene eller det levande livet? Eg

trur det skal stå ope. Det er vårt ansvar og vår sjanse.

I lyrikkavdelinga møter vi Tor Jonsson i heimgrenda, i hat og einsemnd og med kjærleik til den grøda heimegrenda trass i alt gav. Utan liding kjem aldri mennesket til botnen og kan sparke frå. Men på overflata hørde ikkje Tor Jonsson heime, hans dragnad mot det som var «bortanfor, der Gud bur», var alltid til stades.

Vi møter han i ei meir utovervend tid, der han vil «vera alle», gjera noko. Ubrukt liv, ugjort gjerning, det ottast han mest av alt.

Og til slutt dødssyklusen, der fossen eit av hovudsymbola hans, skal vaske han rein og fri frå einsemda.

Halldis Moren Vesaas skriv så vakkert om han:

«Han som svarer døden nei i all sin song, dementerer dette med å gå frivillig. Hans song om død og liv blir ein song om ein død som kan vere liv. Som frøets liv i jorda kan den svevn under stjernene vere som han no går inn til.»

Ingebjørg Sem



FATTIG YNSKJE

**Var eg ein Gud,
ville eg skapa
ei stillare verd.
Der skulle alle elske.**

**Var eg ein Gud
ville eg skapa
 kjærleik og død,
berre kjærleik og død.**

FAKTA OM TOR JONSSON

- 1916 — fødd 16. mai i Lom som sonen til Johannes Johnsen, husmann, rallar og politkar, og Torø Torsdotter av Vigstad-ætta frå Skjåk.
- 1924 — strid om plassen Prestkroken, som faren hadde bygsla, drive som mønsterbruk og gjerne ville kjøpe. Saka kom så langt som til ein interpellasjon i Stortinget, men enden på visa vart at familien ikkje fekk kjøpe plassen, og faren bygde seg ei stugu. Båe foreldra måtte ut som lausarbeidarar for å livnære familien.
- 1931 — ferdig med skolegangen (folkeskole og framhaldsskole).
- 1932 — debuterte i **Arbeidermagasinet** med forteljinga «Eit illmenne».
- 1931-39 — arbeidde som gardskar og gartner i heimbygda, seinare på Lillehammer og i Lier.
- 1935 — det første diktet kom på prent — «Haust» — i **Årbok for Dølaringen**. Etter kvart kom det jamt dikt og prosa i **Arbeider-Magasinet** og **Nynorsk Vikeblad**.
- 1937 — dikta vart ordna i samlinga «Baksibragd», men denne vart refusert på fleire forlag.
- 1939 — søkte seg inn på hagebrukskolen på Lena.
- 1940 — pakka kofferten da krigen kom, og vart lausarbeidar att, på Dovre og i Trøndelag. Dei siste krigsåra budde han i Ringsaker Åsmark, der han var gartner og gardskar.
- 1942 — ei ny diktsamling låg ferdig, «Mogning i mørkret». Den kom ut på Noregs Boklag året etter.
- 1945 — vart journalist i **Dølenes Blad** på Otta. Avisa skifta seinare eigar og namn og var til **Døla-bladet**, med Tor Jonsson som redaksjonssekretær.
- 1946 — andre diktsamlinga, «Berg ved blått vatn», kom ut.
- 1946-47 — var redaktør for **Hallingdølen**, eit upolitisk bygdeblad som kjem ut i Ål. Dette vart siste faste arbeidet han hadde, han ville leva av å vera diktar.
- 1948 — tredje samlinga, «Jarnnetter», vart gitt ut. Saman med Kristofer Uppdal fekk han stipend av Den norske Forleggerforening — 6600 kroner til kvar. For desse pengane reiste han på si einaste utanlandsferd — til Finland.
- 1949 — skreiv ei lang rad epistlar og essay i Oslo-prensa.
- 1950 — gav ut den første samlinga av prosatekster, «Nesler».
- 1951 — vann første prisen i ei tevling Kyrkje- og undervisningsdepartementet under Lars Moen lyste ut. Tevlinga gjaldt den beste einaktaren, og vinnarstykket heitte «Siste stikk». Døydde 14. januar.
- Posthumt kom siste diktsamlinga, «Ei dagbok for mitt hjarte» og ei ny samling prosatekster, «Nesler II». I 1956, da Noregs Boklag gav ut «Dikt i samling», fekk boka Norsk Litteraturkritikerlags pris.

Møte med Tor Jonsson.

Tor Jonsson var eit menneske det ikkje var lett å bli klok på. Ein var ofte i tvil om kvar ein hadde han, visste ikkje kor mykje han meinte av det han sa. Og så opptatt som han var av den tida og den verda han levde i, meinte han mykje om mangt, og iblant noko heilt anna i dag enn i går. Når han dertil var uredd og u-imponert, slagferdig og vittig, og likte å sette meiningane sine på spissen — ja så kunne ein nok kjenne seg litt villrådig i hans selskap. Moro var det lell å vere i lag med han. Uvanleg moro.

Men når ein seier slikt om han, framstiller han som ein rettnok litt gåtefull men festleg fyr, uttalar ein seg vel berre om «sin» Tor Jonsson. Andre har kanskje eit heilt anna bilde av han. Når ein iblant blir spurd: du kjende han du, ikkje sant? er det vanskeleg å svare eit trygt ja. Ein kjende e i n Tor Jonsson, ja visst. Men om det var den rette, for ikkje å seie den heile...? — Dersom andre kjenningar av han er like mykje i tvil om den ting, har han rett i det han seier i farvel-diktet «Ukjend»:

Eg er ein mann som ingen kjenner,
for den eg er, gjekk støtt ein ukjend
veg.

Farvel da, alle gode venner,
som berre kjenner han som aldri likna
meg.

Eitt er truleg alle hans gode venner samde om: at han var eit uvanleg samansett menneske, med store indre motsetningar — kanskje like store som hos den varulven han teiknar eit bilde av:


Midt i det raggute rovdyrråde
blenkjer dei blåe
augo og bed —

Mellom slike ytterpunkt synest ein at han sjølv svinga. Og innanfor så vidt-skilde grenser ligg hans forfattarskap. Det er like allsidig som han sjølv var. Han hadde ei evne som mange skribentar kan ha grunn til å misunne



han: evna til å finne uttrykk for alt som opptok han, til å kle tankar og meiningar og kjensler i ord. Det vart mange dikt av det, levande og personlege og innbyrdes svært ulike dikt, det vart skodespelet «Siste stikk», det vart haugewis av artiklar om mange slags emne — han var journalist óg, som sin åndelege slektning Vinje. «Nesler» vart desse artiklane kalla da dei kom ut i bokform etter at han var død. Eit høveleg namn! Dei jonssonske neslene sveid i mangt eit konservativt skinn, og det var just meininga med dei. Han ville erte, sjokkere, vekke til ettertanke, mane til strid.

Til strid gjekk han da visst sjølv. Han var fødd fattig og oppvaksen i ei trang tid og i eit samfunn der klasseskilnaden enno var stor, han var nødt til å bli sosialist, samfunnsrefsar, samfunnsstormar:



Ei gåve gav du meg, grend av det gråe:
Viljen til strid,
striden for meg og dei andre småe,
— for alt det som lid.

Og han var nødt til å bli ein like innbiten stridsmann for fred. Dikta hans viser kor gjennomskakande ei oppleving krigen har vore for han, den krigen han sjølv opplevde, og da visst *K r i g e n*: det at det alltid har vore krig og at frøet til krig ser ut til å vere udrepeleg. Han ser fattigdommen og krigen som to like store livs-øydeleggande makter. Iblant bruker han det same namnet på dei: **det store folkesviket**.

Mot dette sviket, som høgg ned så mange «heilage liv», må han stride, han blir «ein stridsmann i panser av ord». Så lenge han levde, vart han nok først og fremst sett på som ein strids-

mann. Det stod såpass gny av han at det var vanskeleg å høyre dei andre slags tonane som også fanst som ein understraum i alt han skreiv — mjukare, sårare tonar, lågmælte vitnemål om kjærleikslengsel og dødsdrift og om bitter einsemdkjensle. Han merka sjølv at desse tonane ikkje vart oppfanga slik han vel hadde ønskt: «Du høyrde når eg banna men ikkje når eg bad!»

Etter nokre års intense strid mot alt han såg som urett slår han fast at **«alt-for lenge** var eg ein stridsmann i panser av ord». Ei sjølvmotseiing? Ja visst, og ikkje den einaste. Den største sjølvmotseiinga hans er vel det at han som ein gang forkynte at «eg svarar døden nei i all min song!» til sist går frivillig i døden, medan han ennå er ung og står i si fulle diktarkraft. Der han står **Ved**



grensa veit han nok at han går frå «usådd åker og ufødd vår». Men: «Eg vil ikkje snu.»

Nei. Og ingen «frelsargreiner» fanst vel lenger, da. Han såg no at striden hans for «dei andre småe» hadde vore ei berging for han sjølv, hjelpt han til å flykte frå sine eigne problem:

Den drøymde striden for alle var vegen bort ifrå vonbrotet, ei frelsargrein over fallet.

Andre greiner han kunne halde seg fast i no når livbåten hans for alvor var komen inn i dragsuget frå den fossen som var døden? — Kanskje ønskte han seg ikkje eingang ei slik grein. Visst elska han livet og drøymde om å eige det for sin eigen del, visst hadde all hans ytre strid hatt som mål at livet på jorda skulle få utfalde seg så fritt som det har rett til. Men det spørst om han ikkje elska døden enda høgre. Den hadde alltid ropt på han, no er det nesten i ekstase han gir seg over til den:

Mitt liv var draum forutan dagklår visse, og difor eig eg ikkje jorda meir.

Men livet skal eg aldri, aldri misse!

Er det eit håp om eit liv på den andre sida av grensa som gir dette siste ropet hans ein slik klang av triumf? Kanskje. Så kvass ein rasjonalist som Tor Jonsson var, bur det også ein mystikar i han.

I alle fall håpar han vel på eit framtidig liv for sitt diktarord.

Visst gjekk han frå mangein usådd åker. Men mangein tilsådd åker låg også att etter han. Den som kjenner hans dikting som ein skapande rikdom i sitt eige liv, veit at det var grokraft i det han sådde. Vil også dei som er unge i dag, barn av ei heilt anna tid, seie det same når dei møter denne diktinga? Ein vil gjerne tru det, tru at — Kornet mognast i stille kveldar om dei er borte som såmenn var.

Og enno logar dei heite eldar, om dei som kveikte, er utan svar.

Haldis Moren Vesaas

SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

På hovudscenen spelar vi
August Strindberg

Påske

Regi: **Gerhard Knoop**, dekor: **Snorre Tindberg**, kostyme: **Grethe Wang**.

Med **Astrid Sommer**, **Odd Furøy**, **Britt Langlie**, **Bente Børsum**, **Bjørn Skagestad**, **Harald Heide Steen**

Neste premiere kjem midt i februar og blir Henrik Ibsen

Brand

Regi: **Bjørn Endreson**, scenografi: **Arne Walentin**, kostyme: **Arne Walentin** og **Randi Skahjem**. Med **Svein Erik Brodal** i tittelrolla, og elles m.a. **Liv Ullmann**, **Tordis Maurstad**, **Magnus Tveit**, **Wenche Medbøe**, **Bjarne Andersen**, **Harald Heide Steen**, **Lasse Kolstad**.

For barna spelar vi

YESLEFRIKK MED FELA

Ein barnemusical av **Asbjørn Toms** med musikk av **Tor Hultin**.

Regi og koreografi: **Rolf Daleng**, dekor: **Snorre Tindberg**, kostyme: **Kirsten Høidahl**.

Med **Nils Sletta** som Veslefrikk.

Neste premiere på SCENE 2 kjem midt i februar og blir
Peter Handke

KASPAR

Regi: **Harald Hoaas**, dekor: **Tom Berre**, kostyme: **Randi Skahjem**.

Med **Tom Tellefsen** i tittelrolla.

Deretter, i byrjinga av mars, kjem
Heinrich Henkel

ror

Regi: **Ole-Jørgen Nilsen**, scenografi: **Snorre Tindberg**.

Med **Jack Fjeldstad**, **Arne Lindtner Næss**, **Torbjørn Halvorsen** og **Sverre Wilberg**.

